

Nypresten trivst godt i lag med born

16.09.2007



Sven Harald Nilsen er også uskedalinganes nye prest.

Den nye soknepresten Sven Harald Nilsen (54), som også har Uskedalen som sitt tenesteområde, vart i helga innsett og hadde si første gudsteneste. I eit intervju med Grenda gjev han mellom anna til kjenne at han trivst godt i lag med born og tek sikte på å halda fram med trusopplæring for barn og unge, som han har vore sterkt oppteke av i Sogn..

Avisa meiner at mange i Kvinnherad vil få glede av hans smittande, gode humør.

Nilsen tek sikte på å bli her til han blir pensjonist.

Han er oppvaksen i Arna i Bergen og har nær 30 års fartstid som prest og sokneprest – sist i Gaupne i Luster.

Med til Kvinnherad flyttar også kona Sigrun Vik Nilsen. Dei har tre vaksne born.

Nypresten i Kvinnherad strekar under kor viktig kristendomsopplæringa er etter at kristendomsfaget er teke ut av skulen. Kvinnherad har alt byrja med eit utvida opplegg rundt utdeling av Kyrkjeboka for fireåringane. I Gaupne hadde dei eit liknande opplegg både for fire-, seks-, og 11-åringar.

- Vi må leggje til rette slik at ungdom kan trivast, kjenne seg heime og føle seg trygge, seier Nilsen.

Han meiner det er ein fin ting å vera gift, men legg til at det er mange slags samliv og at sambuarar også må ha ei kontrakt. Og han vil ikkje seia nei til å døypa nokon.

Nypresten meiner at han ner ein relativt fleksibel person. Som eit apropos til homofildebatten seier han at folk må få velja sjølv.

- Det er langt større ting enn seksuell legning ein kan diskutera, til dømes skinaden mellom fattige og rike, seiersoknepresten.

Han ser at vår generasjon er i ferd med å øydeleggja jorda.

- Det kan vi ikkje gå med på, seier Nilsen, som strekar under at vi har ei oppgåve her på jorda som er noko anna enn å tenkja på oss sjølve.

Han kunne også gjerne tenkt seg at stat og kyrkje skilte lag